

— 42 —

nasjonal vekkingstid i maalvegen. Professorarne *Rudolf Keyser*, *P. A. Munch* og *C. R. Unger* spreidde ut kunnskap um norsk maal og Norigs saga i gamle dagar. *Ashjørnsen* og *Moe* samla og gav ut norske folkeeventyr, diverre i dansk umsetjing, men med noko uppblanding av norske ord og norsk setningsbyggnad. Dei tok til aa skriva upp og samla norske folkevisor; og ikkje so faa skreiv ymse smaating paa norsk. *Henrik Wergeland* gav ut ein bundel visor (*Langleiken*) paa Hallingdals og Valdres maalføre. Men det var same hefte for honom som for dei andre i dei tider: han hadde ikkje nokor aalmenn norsk mynsterform til rettesnor, og eit einskilt maalføre bar ikkje fram.

Nynorsken i dette bilet er seg sjølv mykje lik fraa dei fyrste provor me hev til dei siste; den meste skilnaden er, at dativ fell meir og meir burt, og eintalsformer i verb tek til aa trengja burt fleirtalsformer, t. d. *dei kjem* (eldre: *dei koma*). I dei eldre provor er der mykje misprentingar og ikkje so lite slurv. Her er ei prøva fraa 1640:

Brudlaupet i Kraakelund.

*Lant e oster i kraake lund**Da er so vaker ei bøy.**Alle de dyr i Ver'e ehr**Sonkast dar Vti.**Biødnen han er yppaste Kar i schogien.**Biødnen sat Vti Backie**Og mongt so mune han huksa,**schal eg samja den breie fjor,**Voet daa vert mij buze,**Biødenn Viste seg inge raa i schogien.*

(Fraa Hordaland.)

Or ei sellskapsvisa fraa 1711.

*Eg vil te Giøstebu gange**Møe Kierring aa Baadna di mange,*